# PROTOKOLL ÅRSMØTE I MENTAL HELSE SYKKYLVEN 16.03 2023

MENTAL HELSE
Sykkylven

## 1. Konstituering av årsmøte (vedtektene§ 26.1.)

### 1.1. Velkomen til årsmøtet

Styreleiar ynskjer velkomen og leiar møtet fram til møteleiar er valt. Det informerast om praktiske ting rundt møtelokale.

### 1.2. Namnenedteikning av frammøtte medlemar

Alle frammøtte noterast og kor mange av dei frammøtte som har gyldig tale-, forslags- og stemmerett (vedtektene§ 27.2 og§ 3.1) Medlemslista er elektronisk og kontrollerast på årsmøtet. Innbedne gjestar og observatørar nemnast særskild i møteprotokollen.

**Tal på røysteføre medlemar i ordinære saker: 12**
Andre frammøtte: Nils Inge Holm og Benjamin Vågen

### 1.3. Godkjenning av innkalling og saksliste.

Informasjon om korleis innkallinga til årsmøtet vart kunngjort og informasjon om saksdokumenta. Innkallinga og sakslista vert tatt opp til godkjenning. Det er kunn saker som står på sakslista som kan takast opp på årsmøtet.

**Innstilling frå styret:**
Innkallinga og sakslista godkjennast.

**Saksbehandling:**
Følgande hadde ordet:

**Innkomne forslag:**
Ingen innkomne forslag

**Avrøysting:**
Einstemmig

**Vedtak:**
Innkallinga og sakslista godkjennast.

### 1.4. Val av møteleiar og sekretær

Møteleiar og sekretær leiar årsmøte igjennom sakslista og held orden. Dei er også ansvarlege for å skrive møteprotokoll. Møteleiar og møtesekretær bør ikkje veljast blant styremedlemane sidan dei gjerne har saker dei må svara i.

**Innstilling frå styret:·**

Møteleiar Frode Wærøy, Mental Helse Sykkylven

Møtesekretær Benjamin Vågen, Mental Helse Stranda



**Adresse** Kyrkjevegen 58 6230 Sykkylven
**Telefon** Lokallagsleiar +47 466 26 263
**E-post** sykkylven@mentalhelse.no
**Bankkontonummer** 3910 24 76445
**Organisasjonsnummer** 995 366 746

**Saksbehandling:**

Følgande hadde ordet:

**Innkomne forslag:**

Ingen innkomne forslag

**Avrøysting:**

Akklamasjon

**Vedtak:**

Møteleiar Frode Wærøy, Mental Helse Sykkylven

Møtesekretær Benjamin Vågen, Mental Helse Stranda

Møteleiar og møtesekretær tok over leiinga av årsmøtet.

### 1.5. Forretningsorden

Forretningsorden omhandlar reglar for møtet, taletid, replikk m.m.

**Innstilling frå styret:**

Innlegg (vanleg 5 min.), Replikk (1 min.), Svar på replikk (3 min.) Møteleiar kan justere taletida ved behov.
Ein kan kunn be om ordet til ei sak når møteleiar spør om nokon vil ha ordet til saka. Ein viser dette ved handsopprekking.

For å be om replikk til innlegg vises dette med handsopprekking med to fingrar.

Dersom det er mange som vil ha ordet i ei sak, for eksempel ved engasjerande debatt, kan møteleiar sette strek i saka. Ingen fleire kan då be om å få ordet i saka.

Forslag frå årsmøtedelegatane må leverast møteleiar skrifteleg på utdelt skjema.



| Adresse | Telefon | E-post | Bankkontonummer | Organisasjonsnummer |
| --- | --- | --- | --- | --- |
| Kyrkjevegen 58<br>6230 Sykkylven | Lokallagsleiar<br>+47 466 26 263 | sykkylven@mentalhelse.no | 3910 24 76445 | 995 366 746 |

Dersom det kjem inn mange likelydande forslag i ei sak, kan møteleiar og sekretær be årsmøtet forhandle og samlast om eit felles forslag.

Alle avstemmingar utan om val føregjeng ved alminneleg fleirtal (meir enn 50 o/o av dei avlagde stemmene i ei votering. (Vedtektene §27.3.).

Det er ikkje lov å forlate eller ta plass i møtesalen utan å be møteleiar om lov fyrst. Dette fordi møteleiar skal ha kontroll på kor mange som er røysteføre ved kvar avrøysting.

**Saksbehandling:**

Følgande hadde ordet: Stig Ålgårdstad, Aud Hjellegjerde.

**Innkomne forslag:**

Ingen innkomne forslag

**Avrøysting:**

Einstemmig

**Vedtak:**

Innstillinga vart vedteken

## 1.6. Val av to protokollunderteiknarar

Skal kontrollere at protokollen samsvare med møtet sine forhandlingar.

**Innstilling frå styret:**

Ingen innstilling

**Saksbehandling:**

Følgande hadde ordet: Kirsti Vedvik, Liv Johanne Ekornes



**Adresse**
Kyrkjevegen 58
6230 Sykkylven

**Telefon**
Lokallagsleiar
+47 466 26 263

**E-post**
sykkylven@mentalhelse.no

**Bankkontonummer**
3910 24 76445

**Organisasjonsnummer**
995 366 746

**Innkomne forslag:**

Kirsti Vedvik og Liv Johanne Ekornes

**Avrøysting:**

Akklamasjon

**Vedtak:**

Kirsti Vedvik og Liv Johanne Ekornes

## 1.7. Val av teljekorps

Dersom det blir skrifteleg val er det teljekorpset som tar seg av dette. Vanleg med 3 personar.

**Innstilling frå styret:**

Ingen innstilling

**Saksbehandling**:

Følgande hadde ordet: Anne Turid Angell Vikstad.

**Innkomne forslag:**

Nils Inge Holm og Tone Lillian Christiansen.

**Avrøysting:**

Akklamasjon

**Vedtak:**

Nils Inge Holm og Tone Lillian Christiansen.



**Adresse**
Kyrkjevegen 58
6230 Sykkylven

**Telefon**
Lokallagsleiar
+47 466 26 263

**E-post**
sykkylven@mentalhelse.no

**Bankkontonummer**
3910 24 76445

**Organisasjonsnummer**
995 366 746

## 2. Årsmelding (vedtektene§ 26.2 og § 27.5.)

Styret legg fram årsmelding for perioden dei har lagt bak seg. Lesast opp av styreleiar eller sekretær.

Styret har ikkje stemmerett ved godkjenning av årsmeldinga.

Røysteføre: 5 stk.

### Innstilling frå styret:

Årsmeldinga godkjennast og leggjast ved protokollen som vedlegg 1.

### Saksbehandling:

Følgande hadde ordet: Anne Turid Angell Vikstad, Frode Finnøy, Frode Wærøy, Stig Ålgårdstad, Irene Sundholm.

### Innkomne forslag:

Irene Sundholm sitter i faglig samhandlingsutvalg for rehabilitering, Helse Møre og Romsdal HF

### Avrøysting:

Einstemmig vedtatt.

### Vedtak:

Årsmeldinga godkjent med tillegget som kom fram i forslag og leggjast ved protokollen som vedlegg 1.

## 3. Årsrekneskap (vedtektene§ 26.2 og § 27.5.)

Årsrekneskap for siste kalenderår m/revisjonsrapport. Leggjast fram av kasserar.

Styret har ikkje stemmerett ved godkjenning av årsrekneskapen. Røysteføre: 5 stk.




| Adresse | Telefon | E-post | Bankkontonummer | Organisasjonsnummer |
|---|---|---|---|---|
| Kyrkjevegen 58<br>6230 Sykkylven | Lokallagsleiar<br>+47 466 26 263 | sykkylven@mentalhelse.no | 3910 24 76445 | 995 366 746 |

**Innstilling frå styret:**

Årsrekneskap med revisjonsrapport godkjennast og leggjast ved protokollen som vedlegg 2.

**Saksbehandling:**

Følgande hadde ordet: Stig Ålgårdstad, Anne Turid Angell Vikstad, Frode Wærøy.

**Innkomne forslag:**

Ingen innkomne forslag

**Avrøysting:**

Einstemmig

**Vedtak:**

Årsrekneskap med revisjonsrapport godkjent og leggjast ved protokollen som vedlegg 2.

## 4. Fagleg del ved fylkesfadder (vedtatt av fylkeslaget)

*Fylkeslaget har vedteke at fylkesfadder skal ha kontakt med lokallaget to gongar i året, ein av desse er lagt til årsmøtet til lokallaget.*

*Fylkeslaget utarbeidar kvart år ein presentasjon over mål og tiltak som dei vil sette fokus på.*

*Eit av måla med presentasjonen er å få innspel til fylkeslaget frå lokallaga, slik fylkeslaget kan tilpasse sine tiltak i lokallagssatsinga. Ingen formell saksbehandling eller avstemming. Innspela vert notert av fylkesfadder eller møtesekretær.*

Nils Inge Holm som er fadder til lokallaget kom og haldt fadderpresentasjon og dialog med forsamlinga. Han minna også om at ein også kan ta kontakt ved seinare høve om ein har innspel til fylkeslaget.

I dialogen med salen blei snakka om:



| Adresse | Telefon | E-post | Bankkontonummer | Organisasjonsnummer |
|---|---|---|---|---|
| Kyrkjevegen 58<br>6230 Sykkylven | Lokallagsleiar<br>+47 466 26 263 | sykkylven@mentalhelse.no | 3910 24 76445 | 995 366 746 |

Utfordringar knytt til kommunesamanslåingar og kva konsekvensar det kan ha for lokallaga i dei kommunane som blir slått saman, Nye Ålesund kommune tatt opp som eksempel til problemstilling.

Utfordring knytta til kurs i regi av fylkeslaget som har for lite oppmøte til å kunne gjennomførast.

Innspel til frå salen:

Arrangere bowlingkveld i Molde for hele fylkeslaget.

*Karin Nordstrand kom til møtet kl. 18.10*
*Tal på røysteføre medlemmar: 13*

Pause frå klokka 18-13-18.23

## 5. Fastsettelse av honorar, godtgjørelse og reisedirektiv

### 5.1. Fastsettelse av styremøtehonorar

**Innstilling frå styret:**

Forslag til styremøtehonorar godkjennast.

**Saksbehandling:**

Følgande hadde ordet:

**Innkomne forslag:**

Ingen innkomne forslag.

**Avrøysting:**

Einstemmig.

**Vedtak:**

Forslag til styrehonorar godkjent.



| Adresse | Telefon | E-post | Bankkontonummer | Organisasjonsnummer |
|---|---|---|---|---|
| Kyrkjevegen 58<br>6230 Sykkylven | Lokallagsleiar<br>+47 466 26 263 | sykkylven@mentalhelse.no | 3910 24 76445 | 995 366 746 |

## 5.2. Reisedirektiv

**Innstilling frå styret:**

Forslag til reisedirektiv godkjennast.

**Saksbehandling:**

Følgande hadde ordet: Anne Turid Angell Vikstad, Stig Ålgårdstad, Frode Wærøy.

**Innkomne forslag:**

Ingen innkomne forslag.

**Avrøysting:**

Einstemmig.

**Vedtak:**

Forslag til reisedirektiv godkjent.

## 6. Innkomne saker (vedtektene § 25.4 og 26.4.)
**Fjerne ein styremedlemsplass.**

Saker som har korne frå medlemar eller organisasjonen vår. Styret skal ha behandla desse sakene før dei blir framlagt til årsmøtet (vedtektene§ 25.4).

Det kom inn ei sak frå medlem med forslag om at vi fjernar ein styremedlemsplass slik at vi får oddetal igjen slik vi har hatt det tidlegare. Dette på grunn av at eit styremedlem trakk seg før perioden var over (29.11.22). Styret behandla saka i styremøte 6. februar 2023 i sak 11/23.

**Innstilling frå styret:**

Årsmøtet vel å ta vekk ein styremedlemsplass for å få oddetal.



**Adresse**
Kyrkjevegen 58
6230 Sykkylven

**Telefon**
Lokallagsleiar
+47 466 26 263

**E-post**
sykkylven@mentalhelse.no

**Bankkontonummer**
3910 24 76445

**Organisasjonsnummer**
995 366 746

**Saksbehandling:**

Følgande hadde ordet: Stig Ålgårdstad.

**Innkomne forslag:**

Ingen innkomne forslag.

**Avrøysting:**

Einstemmig.

**Vedtak:**

Årsmøtet vel å ta vekk ein styremedlemsplass for å få oddetal.

## 7. Handlingsplan (vedtektene§ 26.5)

Framlegget frå styret byggjer på styringsdokument i organisasjonen, lokale forhold og innspel frå medlemar på medlemsmøtet i januar.

**Innstilling frå styret:**

Handlingsplan 2023 godkjennast og leggjast ved protokoll som vedlegg 3.

**Saksbehandling:**

Følgande hadde ordet: Stig Ålgårdstad, Liv Johanne Ekornes, Irene Sundholm, Anne Turid Angell Vikstad.

**Innkomne forslag:**

Ingen innkomne forslag.

**Avrøysting:**

Einstemmig



**Adresse**
Kyrkjevegen 58
6230 Sykkylven

**Telefon**
Lokallagsleiar
+47 466 26 263

**E-post**
sykkylven@mentalhelse.no

**Bankkontonummer**
3910 24 76445

**Organisasjonsnummer**
995 366 746

**Vedtak:**

Handlingsplan 2023 godkjent og leggjast ved protokoll som vedlegg 3.

## 7. Budsjett (vedtekter§ 26.6)

Framlegg av budsjett forslag frå styret. Her er også honorar og anna godtgjersle (vedtektene §26.3) med i framlegget. Lesast vanlegvis opp av kasserar.

**Innstilling frå styret:**

Budsjett godkjennast og leggjast ved protokoll som vedlegg 4.

**Saksbehandling:**

Følgande hadde ordet: Stig Ålgårdstad, Tone Lillian Christiansen.

**Innkomne forslag:**

Ingen innkomne forslag

**Avrøysting:**

Einstemmig

**Vedtak:**

Budsjett godkjent og leggjast ved protokoll som vedlegg 4.

## 8. Val (vedtektene§ 26.7, § 27.3, § 27.4 og§ 27.5.)

Alle val fyljer prosedyrar som står i vedtektene. Er det fleire kandidatar til eit verv blir det skrifteleg avrøysting. Valkomiteen legg fram forslag til kandidatar til dei forskjellige verva, sjølve valet gjennomførast av møteleiar.



| Adresse | Telefon | E-post | Bankkontonummer | Organisasjonsnummer |
|---|---|---|---|---|
| Kyrkjevegen 58<br>6230 Sykkylven | Lokallagsleiar<br>+47 466 26 263 | sykkylven@mentalhelse.no | 3910 24 76445 | 995 366 746 |

Her kan årsmøtet fremje mot kandidatar (benkeforslag) til valkomiteens sin innstilling. Eventuelle mot kandidatar må ha sagt seg villige til å ta vervet dei blir innstilt til. Det er kunn verv som er på val det kan fremjast kandidatar til.

### 8.1. Val av styre (vedtektene§ 26.7.)

**Innstilling frå valkomiteen:**

Styreleiar: Irene Sundholm

Kasserar: Stig Ålgårdstad

1.Vara: Terje Mikkel Mundal

2.Vara: Elisabeth Nøringset

3.Vara: Liv Johanne Ekornes

**Saksbehandling:**

Følgande hadde ordet: Irene Sundholm, Anne Turid Angell Vikstad, Stig Ålgårdstad.

**Innkomne forslag:**

Styreleiar: Anne Turid Angell Vikstad

Kasserar og sekretær: Stig Ålgårdstad

**Avrøysting:**

Leiar – akklamasjon

Sekretær – akklamasjon

Kasserar – akklamasjon

Varamedlemmar – 12 stemmar for, 1 stemme mot

**Vedtak:**

Leiar: Anne Turid Angell Vikstad veljast for 2 år



**Adresse**
Kyrkjevegen 58
6230 Sykkylven

**Telefon**
Lokallagsleiar
+47 466 26 263

**E-post**
sykkylven@mentalhelse.no

**Bankkontonummer**
3910 24 76445

**Organisasjonsnummer**
995 366 746

Nestleiar: Tone Lillian Christiansen (ikkje på val)

Sekretær: Stig Ålgårdstad veljast for 2 år

Kasserar: Stig Ålgårdstad veljast for 2 år

Styremedlem: Frode Wærøy (ikkje på val)

Styremedlem: Irene Sundholm (ikkje på val)

1. vara: Terje Mikkel Mundal

2. vara: Elisabeth Nøringset

3. vara: Liv Johanne Ekornes

**Matpause 19.00-19.30**

### 8.2. Val av delegatar til fylkesårsmøtet (vedtektene § 26.8)

4 delegatar + varamedlemar skal veljast. Medlemar av fylkesstyret kan ikkje veljast.

**Saksbehandling:**

Følgande hadde ordet: Irene Sundholm, Tone Lillian Christiansen, Stig Ålgårdstad.

Følgjande stilte seg til disposisjon:

**Innkomne forslag:**

Delegatar:

1. Anne Turid Angell Vikstad
2. Tone Lillian Christiansen
3. Anja Grebstad
4. Karin Nordstrand

Vararepresentantar:

1. Frode Finnøy
2. Ragnhill Hole



**Adresse** Kyrkjevegen 58 6230 Sykkylven
**Telefon** Lokallagsleiar +47 466 26 263
**E-post** sykkylven@mentalhelse.no
**Bankkontonummer** 3910 24 76445
**Organisasjonsnummer** 995 366 746

3. Liv Johanne Ekornes
4. Elisabeth Nøringset

**Avrøysting:**

Akklamasjon

**Vedtak:**

1: Anne Turid Angell Vikstad

2: Tone Lillian Christiansen

3: Anja Grebstad

4: Karin Nordstrand

1. Vara: Frode Finnøy

2. Vara: Ragnhill Hole

3. Vara: Liv Johanne Ekornes

4. Vara: Elisabeth Nøringset

**8.3. Val av valkomité (vedtektene§ 26.9.)**

**Saksbehandling:**

Følgande hadde ordet:

**Innkomne forslag:**

Kirsti Vedvik som varamedlem til valkomiteen.

**Avrøysting:**

Akklamasjon



**Adresse**
Kyrkjevegen 58
6230 Sykkylven

**Telefon**
Lokallagsleiar
+47 466 26 263

**E-post**
sykkylven@mentalhelse.no

**Bankkontonummer**
3910 24 76445

**Organisasjonsnummer**
995 366 746

**Vedtak:**

Leiar valkomité: Karin Oddan Nordstrand

Medlem valkomité: Anja Grebstad

Medlem valkomité: Svein Løken

Varamedlem: Kirsti Vedvik

## 8.4. Val av to revisorar (vedtektene§ 26.10.)

**Saksbehandling:**

Følgande hadde ordet:

**Innkomne forslag:**

Ingen innkomne forslag

**Avrøysting:**

Akklamasjon

**Vedtak:**

Revisor: Frode Lyse

Revisor: Ståle Eikrem

## 8.5. Signaturrett, prokura og tilgang til bankkonto

**Innstilling:** Signaturrett har styret i fellesskap. Prokura og tilgang til bankkonto har styreleiar og kasserar kvar for seg.

**Saksbehandling:**

Følgande hadde ordet: Stig Ålgårdstad



**Adresse**
Kyrkjevegen 58
6230 Sykkylven

**Telefon**
Lokallagsleiar
+47 466 26 263

**E-post**
sykkylven@mentalhelse.no

**Bankkontonummer**
3910 24 76445

**Organisasjonsnummer**
995 366 746

**Innkomne forslag:**

Ingen innkomne forslag

**Avrøysting:**

Einstemmig

**Vedtak:**

Signaturrett har styret i fellesskap.

Prokura og tilgang til bankkonto har styreleiar og kasserar kvar for seg.

Møte er heva klokka 19.40

| | |
|---|---|
| Protokollunderteiknar<br>*Kirsti Vedvik* | Protokollunderteiknar<br>*Liv Johanne Ekornes* |
| Kirsti Vedvik | Liv J. Ekornes |



**Adresse**
Kyrkjevegen 58
6230 Sykkylven

**Telefon**
Lokallagsleiar
+47 466 26 263

**E-post**
sykkylven@mentalhelse.no

**Bankkontonummer**
3910 24 76445

**Organisasjonsnummer**
995 366 746

# Forord

Mental Helse er ein medlemsorganisasjon for alle menneske med psykiske helseproblem, pårørande og andre interesserte.

Gjennom politisk påverknad, folkeopplysning og formidling av brukarerfaring, jobbar vi for auka openheit, betre førebygging og behandling av psykiske helseproblem.

Brukarar og pårørande har erfaring og kunnskap om psykisk helse som vi vil formidle til offentlege myndigheiter, fagmiljø, organisasjonar og enkeltpersonar.

Mental Helse vart stifta 3. september 1978 og er ein landsdekkande medlemsorganisasjon. Vi har 10.000 medlemar, 152 aktive lokallag som dekker alle fylka.

Mental Helse er bygd på lokale krefter, grasrota er organisasjonens hjarte og sjel. Lokallaget Mental Helse Sykkylven satsar på sosial deltaking, opplæring av likepersonar og brukarrepresentantar, aktiv deltaking på møteplassar og liknande der brukarrepresentasjon er eit naturleg val.

## Vår visjon:

Alle har rett til eit meiningsfylt liv og ein oppleving av eigenverd og meistring.

## Vårt mål:

Alle skal ha ei god psykisk helse og kunne meistre eige liv.

## Vår strategi:

Vi skal dele våre erfaringar og kunnskap samtidig som vi tileigne oss ny, slik vi oppnår vårt mål.

## Våre verdiar:

**Likeverd:** fordi alle menneske har like stor verdi og skal ha like moglegheiter og rettigheiter.

**Openheit:** fordi openheit saman med kunnskap bidreg til å få bort mytar og hindrar stigmatisering.

**Respekt:** fordi vi ynskjer eit samfunn som anerkjenne det enkelte menneske sine ressursar og moglegheiter.

**Inkludering:** fordi alle menneske skal oppleve at dei er viktige for fellesskapet.

# Styret sitt arbeid

Årsmelding 2022-2023 er styret si skildring av aktivitetane i lokallaget for årsmøteperioden 17. februar 2022 til 16. mars 2023.

## Styre vald på årsmøtet den 17. februar 2022:

Styreleiar og sekretær: Anne Turid Angell Vikstad
Nestleiar: Tone Lillian Christiansen
Kasserar: Stig Ålgårdstad
Styremedlem: Irene Sundholm
Styremedlem: Frode Wærøy
Styremedlem: Ole Andre Hellebostad (trakk seg 29.11.22)

1. varamedlem: Terje Mikkel Mundal
2. varamedlem: Elisabeth Nøringset
3. varamedlem: Liv Johanne Ekornes

## Valkomiteen:

Beate Daniloff og Svein Løken

## Andre ansvarsområde og verv i perioden:

Studieleiar: Irene Sundholm, vara Stig Ålgårdstad
Likepersonkontakt: Irene Sundholm, vara Tone Lillian Christiansen
Ansvarlege for web og sosiale media: Irene Sundholm, vara Stig Ålgårdstad
IKT: Stig Ålgårdstad, vara Audun Gautvik
Styret i BOS: Anne Turid Angell Vikstad, vara Elisabeth Nøringset

## Styret sine aktivitetar

Lokallaget sin handlingsplan for 2022 var årsmøtet sitt mandat til styret. Styret har jobba aktivt med å realisere planen. Styret oppretta eit arbeidsutval (AU) for å ta seg av arbeidet mellom styremøta. AU bestod av styreleiar og to styremedlemar. AU forbereda saker til styremøta og tok seg av mindre saker og dagleg drift som ikkje var av økonomisk eller prinsipiell karakter. Styret har hatt 12 styremøte og behandla 71 saker i perioden. Valkomiteen vart inviterte til styremøtet den 20. desember, etter styremøtet hadde vi juleavslutning saman med Mental Helse Stranda på Fønixhuset.

## Valkomiteen sitt arbeid

Valkomiteen starta sitt arbeid 20. desember og starta på kurs i valkomitearbeid i januar 23. Valkomiteen har jobba godt og har hatt 4 møter. Dei la fram sin innstilling 28. februar 2023, med kandidatar til verva som er på val i 2023.

# Aktivitetar i lokallaget

## Medlemsaktivitetar

Det har vore 6 medlemsaktivitetar i årsmøteperioden. Alle medlemsmøta har hatt eit eige tema, og vore ope for alle. Det har vore arrangert aktivitetsgrupper med dugnadsarbeid og samtalegrupper på Fønixhuset og BOS.

## Tema i perioden:

- Medlemsmøte «Vår dag» 10. mars.
- Medlemsmøte: Bursdagsfeiring 28.april.
- Bowling 17. september.
- «Vi trenger hverandre. #Løft blikket.» Verdensdagen 2022.
- Juleavslutning 20. desember saman med Mental Helse Stranda.
- «Handlingsplan 2023».

## Brukarkontoret «Møteplassen vår»

Tysdagar har Brukarorganisasjonane i Sykkylven (BOS) «Open dag» på Brukarkontoret med informasjonsmateriell og likepersonsarbeid i fokus. Ansvaret for å vere vertskap for «Open dag» går på rundgang blant organisasjonane. Mental Helse Sykkylven hadde ansvaret 7 dagar og deltok på 5 felles dagar.

## Likepersonsarbeid

Lokallaget har hatt fokus på å styrke eit allereie godt etablert likepersonsarbeid og vi har 9 aktive utdanna likepersonar. Likepersonsarbeidet er godt innarbeida og med Brukarkontoret som møteplass har vi mange som brukar tilbodet. Den tradisjonelle likepersonsrolla med erfaringsutveksling ein-til-ein og rolla der likepersonane er arrangør/ansvarleg for gjennomføring av aktivitet, lever side om side.

## Kjøkkenpraten

Kjøkkenpraten er ein lågterskel, Recovery-orientert møteplass, utvikla av ROM Agder. Deltakarane samlast kvar måndag og deler erfaringar omkring ulike tema som vert bestemt av deltakarane sjølve. Vi hadde 21 Kjøkkenpratar i løpet av prosjektperioden.

## Sosial aktivitet

Vi har arrangert samtalegrupper med forskjellige tema der erfaringsutveksling har stått i fokus. Aktivitetsgruppene har drevet med alt frå å lage reklame og hefte, pynting til 17. mai og jul, matlaging og mange fleire aktivitetar har det vore gjennom året. Medlemmar deltok på lokallagstreff på Stranda med pizza og biljard. Medlemmar deltok på lokallagssamlinga på Fjellstua i Ålesund. Medlemmar og tillitsvalde deltok på 40 års jubileet til Mental Helse Møre og Romsdal, 10 års jubileet til Mental Helse Skodje/Ørskog og 10 års jubileet til HLF Stranda og Sykkylven.

## Samarbeid med andre

Vi har eit godt samarbeid med Fønixhuset og mange av våre medlemar har hjelpt til med frivillige oppgåver der. Saman med Frivillige ved Fønixhuset arrangerte vi 17. mai kafé for «tusande» gang. Aktivitetsgrupper har vore med å pynta til jul og hjelpte til å lage til stand til «Vår veke» i Frivilligåret 2022.

## Utstyrssentralen

I utgangspunktet hadde vi ein avtale med kommunen om bemanning av Utstyrssentralen ut 2020, men den blei utvida fleire gangar i løpet av 2021 og 2022. Vi har bemanna Utstyrssentralen 3 timar, to ettermiddagar i veka og avtalen vart forlenga ut til fellesferien 2022. I tillegg til bemanning i opningstida har vi også utført frivillig arbeid med å vedlikehalde utstyret ved sentralen, noko vi fortsett held fram med.

## Verdensdagen for psykisk helse 2022

Arbeidet med markering av Verdensdagen for psykisk helse vart starta i mars med inspirasjonsseminar på Zoom. Temaet for 2022 var «Vi trenger hverandre. #Løft blikket.»

I samarbeid med «Gi glede», Sykkylven Vidaregåande skule, Sykkylven kommune ved Sykkylven Kulturhuset og Sykkylven Ungdomsskule, samt støttespelarane våre frå det lokale næringslivet ved Sparebanken Møre og Sykkylven Gjensidige Brannkasse markerte vi Verdensdagen for psykisk helse. Onsdag 5. oktober hadde vi foredrag for elevane ved vidaregåande skule på kulturhuset, der psykolog og historieforteljar Hilde Johanne Aafoss fortalde eventyr rundt årets tema. Onsdagskvelden hadde vi Workshop som var open for alle i kantina på ungdomsskulen. Torsdag 6. oktober var det elevane i 10. klassene på ungdomsskulen som fekk høyre Hilde Johanne sitt foredrag.

Markeringa av dagen 10. oktober starta vi med å heise Verdensdagsflagget ved BOS. Om kvelden hadde vi medlemsmøte med underhaldning og sendinga frå Mental Helse.

# Kurs- og opplæring

Lokallaget har arrangert 5 kurs i perioden på til saman 32 timar, og 34 deltakarar.

Kurstittlar:

- Oppfølging og utvikling av likepersonarbeid
- Opplæring i organisasjonsutvikling og strategisk planlegging
- Innspill til landsmøtet. Sosialpolitisk program
- Opplæring i valkomitearbeid
- 2023 Opplæring i årsmøteførebuing

1 medlemmar deltok på Mental Helse sitt organisasjonskurs

3 medlemmer deltok på fylkets «Politiske påvirkningskurs»

Det har også vore fokus på fagleg påfyll ved å delta på fagdagar i regi av helseføretaket og andre arrangørar både fysisk når det har gått an og digitalt.

# Media, informasjon, kommunikasjon, synlegheit og politikk

Styret har jobba aktivt for at lokallaget skal bli synleg, og bruk av media har vore ein strategi i heile perioden. Arrangement har vore annonsert på internett, heimesida, e-post men mest på Facebook. Vi har tatt direkte kontakt med lokalavisa for å få artiklar om arrangementa våre. Vi har og hatt artiklar om satsingsområdet til Mental Helse: Sjølvmordsførebygging.

Facebook, Instagram og Snapchat har vore arena for kontaktskaping og informasjonsspreiing. Men ikkje alle medlemar brukar desse, så vi har også nytta e-post.

## Frivilligheitsåret 2022 og synlegheit

Sykkylven kommune ved Frivilligsentralen saman med organisasjonane danna eit Frivilligforum for å organisere markeringar i løpet av året. 12. mai arrangerte Frivilligforum samling på Sykkylven Kulturhus der tema var samarbeid mellom offentlegheita, frivilligheita og næringslivet.
Møre og Romsdal fylkeskommune valde veke 23 som «Vår veke» for å markere Frivilligheitsåret 2022. Markeringa vår starta med frivilligtog frå Rådhuset til Sykkylven Storhall, der var det offisiell opning av Sykkylvsdagane. Saman med andre organisasjonar og Frivilligsentralen hadde vi stand i sentrum under markeringa av veka.

### Brukarmedverknad og politisk påverknad

I perioden har vi hatt kontakt med politikarar, einingsleiarar, rådgjevarar i kommunen, skulehelsesyster, ungdomsdiakon og folkehelsekoordinatoren.

Kurs 03.09.22 Ang. verge, setteverge og fremtidsfullmakt.

Erfarings- og rekrutteringssamling for brukerrepresentanter 17.-18.juni.

Brukerutvalget HMR sitt seminar den 07.09.22 på Åse sjukehus.

1 medlem deltok på konferanse om «Selvmordsforebygging i forsking».

# Økonomi

Fokus på Grasrotandelen og inntektsbringande arbeid ved aktivitetar har gitt resultat. Likepersonstilskot er med på å gi økt aktivitet. Finansiering av aktivitet, prosjekt og tiltak får vi til ved aktivt å søke midlar frå tilskotsordningar. Facebook innsamlingar har gitt pengar også i 2022. Det er økonomisk grunnlag for vidare drift.

### Medlemstal

Ved alle aktivitetar har det vore fokus på informasjon om organisasjonen vår og oppfordring til å melde seg inn til dei som er interesserte i psykisk helse. Ved årsskiftet hadde vi 42 registrerte medlemar i lokallaget.

# Representasjon

### Valde representantar i andre organisasjonar, råd og utval:

Mental Helse 2022-2024: Frode Wærøy, 1. vara.

Mental Helse Møre og Romsdal 2021-2023: Stig Ålgårdstad, leiar (fram til 15. februar 2023).
Mental Helse Møre og Romsdal 2022-2024: Irene Sundholm, nestleiar (fungerande leiar frå 15. februar 2023)
Mental Helse Møre og Romsdal 2022-2023: Terje Mikkel Mundal, valkomiteen.

BOS 2022-2023: Anne Turid Angell Vikstad, økonomiansvarleg.
BOS 2022-2023: Stig Ålgårdstad, sekretær.
BOS 2022-2023: Elisabeth Nøringset, varamedlem.
BOS 2022-2023: Kurt Einar Melling, valkomiteen.

## Andre representantar med tilknyting til lokallaget:

Mental Helse sitt Forum for Brukarrepresentantar: Frode Wærøy, medlem prosjektgruppa.
Stig Ålgårdstad, medlem ressursgruppa.
Vedtektsutvalget Mental Helse 2021-2022: Anne Turid Angell Vikstad.
Tvangs- og rettighetsutvalget Mental Helse 2021-2022: Stig Ålgårdstad.
Samfunnspolitisk utval Mental Helse 2022: Frode Wærøy.

FFO Møre og Romsdal 2022-2024: Frode Wærøy, styremedlem.
FFO Møre og Romsdal 2022-2023: Beate Daniloff, valkomiteen.

## Brukarrepresentantar med tilknyting til Mental Helse Sykkylven:

Kommunalt råd for personar med funksjonsnedsettingar 2019-2023: Stig Ålgårdstad, rådsleiar. Anne Turid Angell Vikstad og Svein Løken, varamedlemmar.
Faglig samarbeidsutvalg for IKT-løsninger og elektronisk samarbeid i Helsefellesskapet Møre og Romsdal 2021-2025: Stig Ålgårdstad, representant for kommunane.
Faglig samarbeidsutvalg for rehabilitering, Helsefellesskapet Møre og Romsdal HF 2022-2024: Irene Sundholm, vara.
Brukarutvalet St. Olavs hospital HF 2021-2023: Frode Wærøy.
Lokalt samarbeidsutval (LSU) Ålesund sjukehus 2022-2024: Frode Wærøy.

## Årsmøte i andre lag og organisasjonar:

4 delegatar, 3 vara og 1 observatørar deltok på årsmøtet i Mental Helse Møre og Romsdal.

Leiar og nestleiar deltok på leiarmøta i Mental Helse Møre og Romsdal.

Leiar deltok som møteleiar på årsmøtet til Mental Helse Skodje/Ørskog.

Styremedlemar og andre representantar har deltatt på styremøta og årsmøtet i BOS.

# Utfordringar og vegen vidare

Moglegheita for fleire medlemar skal vere stor med tanke på medlemsveksten organisasjonen vår har no. Det må brukast meir tid på å få fleire og yngre medlemmar.

Styret Sykkylven, 16. mars 2023.

Anne Turid Angell Vikstad
*leiar*

Tone Lillian Christiansen
*nestleiar*

Stig Ålgårdstad
*kasserar*

Frode Wærøy
*styremedlem*

Ole Andre Hellebostad
*styremedlem*

Irene Sundholm
*styremedlem*

Terje Mikkel Mundal
*1. vara*

Elisabeth Nøringset
*2. vara*

Liv Johanne Ekornes
*3. vara*

# Resultatrapport

Mental Helse Sykkylven
995366746

Regnskapsår: 01.01.2022 - 31.12.2022

Gjelder periode: 01.01.2022 - 31.12.2022
Periode fg år: 01.01.2021 - 31.12.2021

| | Periode | Akkumulert | Periode fg år |
|---|---|---|---|
| Driftsinntekter | | | |
| 3100 Salgsinntekter, avgiftsfri | 51 100,00 | 51 100,00 | 69 750,00 |
| 3230 Salgsinntekter, Vipps Fønixhuset #521360 | 1 300,00 | 1 300,00 | 131,00 |
| 3250 Inntekter fra egne arrangementer | 1 800,00 | 1 800,00 | 0,00 |
| 3410 Andre tilskudd | 21 050,00 | 21 050,00 | 0,00 |
| 3420 MVA-kompensasjon | 10 977,00 | 10 977,00 | 14 609,00 |
| 3430 Studitilskudd FUNKIS | 6 333,00 | 6 333,00 | 0,00 |
| 3440 Likepersonstilskudd | 37 647,00 | 37 647,00 | 135 617,00 |
| 3460 Verdensdagen tilskudd | 23 000,00 | 23 000,00 | 15 000,00 |
| 3470 Tilskudd Stiftelsen DAM | 58 445,78 | 58 445,78 | 24 000,00 |
| 3700 Provisjonsinntekt, utenfor avgiftsområdet | 292,00 | 292,00 | 0,00 |
| 3705 Provisjonsinntekt, avgiftsfri | 0,00 | 0,00 | 209,00 |
| 3710 Grasrotandelen - Norsk Tipping | 23 241,52 | 23 241,52 | 21 091,59 |
| 3900 Andre driftsrelaterte inntekter | 8 760,50 | 8 760,50 | 0,00 |
| 3920 Medlemskontingenter | 3 856,00 | 3 856,00 | 3 420,00 |
| 3940 Egenandeler | 2 100,00 | 2 100,00 | 0,00 |
| 3970 Gaver mottatt | 12 487,27 | 12 487,27 | 10 718,20 |
| | 262 390,07 | 262 390,07 | 294 545,79 |
| Driftskostnader | | | |
| 5000 Lønn til ansatte | -25 200,00 | -25 200,00 | -22 350,00 |
| 5092 Feriepenger | -2 570,40 | -2 570,40 | -2 279,70 |
| 5330 Godtgjørelse til styre- og bedriftsforsamling | -25 215,00 | -25 215,00 | -35 160,00 |
| 5400 Arbeidsgiveravgift | -3 809,64 | -3 809,64 | -5 359,41 |
| 5405 Arbeidsgiveravgift av påløpte feriepenger | -272,46 | -272,46 | -321,46 |
| 6010 Avskrivninger transp.midler, maskiner og inventar | -5 399,00 | -5 399,00 | -5 388,00 |
| 6200 Arrangementskostnader medlemsmøte | -3 963,40 | -3 963,40 | -8 480,10 |
| 6210 Verdensdagen kostnader | -48 689,78 | -48 689,78 | -15 750,00 |
| 6230 Egenandeler kurs/møte kostnader | -2 500,00 | -2 500,00 | 0,00 |
| 6240 Kostnader, Kjøkkenpraten | -19 654,49 | -19 654,49 | -2 007,00 |
| 6250 Kostnader, Akt.gr./samt.gr. | -4 611,01 | -4 611,01 | -10 522,61 |
| 6260 Kostnader kurs | -2 073,70 | -2 073,70 | -893,20 |
| 6290 Andre arrangementskostnader | -20 992,27 | -20 992,27 | -765,00 |
| 6300 Leie lokaler | -18 000,00 | -18 000,00 | -18 000,00 |
| 6390 Annen kostnad lokaler | 0,00 | 0,00 | -60,30 |
| 6540 Inventar (Res) | -9 382,01 | -9 382,01 | -14 998,01 |
| 6550 Driftsmaterialer | -5 448,45 | -5 448,45 | 0,00 |
| 6553 Programvare årlig vedlikehold | -5 820,25 | -5 820,25 | -6 364,00 |
| 6555 Programvare Zoom | -1 706,45 | -1 706,45 | -1 635,23 |
| 6560 Rekvisita | -1 317,00 | -1 317,00 | 0,00 |
| 6570 Arbeidsklær og verneutstyr | -2 190,00 | -2 190,00 | -19 636,00 |
| 6590 Annet driftsmateriel | -180,00 | -180,00 | -39,00 |
| 6700 Revisjons og regnskapshonorarer | -252,70 | -252,70 | 0,00 |
| 6800 Kontorrekvisita (Res) | -2 328,00 | -2 328,00 | -1 369,00 |
| 6820 Trykksaker | -2 282,50 | -2 282,50 | -1 526,00 |
| 6840 Aviser, tidsskrifter, bøker etc | -1 250,00 | -1 250,00 | -1 770,00 |
| 6860 Møter, kurs, oppdatering etc. | -2 826,30 | -2 826,30 | 0,00 |
| 6890 Annen kontorkostnad | -170,00 | -170,00 | -697,00 |
| 7100 Bilgodtgjørelse oppgavepl. | -7 218,00 | -7 218,00 | 0,00 |
| 7140 Reisekostnader, ikke oppgavepliktig | -14 110,30 | -14 110,30 | -6 052,72 |
| 7142 Reisekostnader kurs og møter | 0,00 | 0,00 | -15 287,00 |
| 7160 Diettkostnader, ikke oppgavepliktig | -1 916,88 | -1 916,88 | -2 380,00 |
| 7310 Kampanjekostnader | -3 000,00 | -3 000,00 | 0,00 |
| 7360 Representasjon, ikke fradragsberettighet | -6 992,00 | -6 992,00 | 0,00 |
| 7395 Øreavrunding | 0,30 | 0,30 | -0,29 |

# Resultatrapport

Mental Helse Sykkylven
995366746

| | Periode | Akkumulert | Periode fg år |
|---|---|---|---|
| 7410 Kontingenter, ikke fradrag | -2 090,00 | -2 090,00 | -3 000,00 |
| 7430 Gaver, ikke fradrag | -811,30 | -811,30 | -2 056,00 |
| 7500 Forsikringspremier | -2 682,00 | -2 682,00 | -2 950,00 |
| 7700 Styremøter | -545,00 | -545,00 | -3 537,00 |
| 7710 Årsmøte | -1 346,50 | -1 346,50 | -629,01 |
| 7720 AU-møter | -243,01 | -243,01 | 0,00 |
| 7740 Fylkesårsmøtet | 0,00 | 0,00 | -734,00 |
| 7770 Bank og kortgebyrer | -908,00 | -908,00 | -1 138,50 |
| 7771 Bankgebyrer skattetrekkskonto | -37,50 | -37,50 | -40,00 |
| 7780 Vipps gebyrer | -77,88 | -77,88 | -41,69 |
| 7790 Zettle gebyrer | -77,83 | -77,83 | 0,00 |
| 7799 Annen kostnad, ikke fradragsberettiget | -374,60 | -374,60 | -102,93 |
| 7830 Konstaterte tap på fordringer | 0,00 | 0,00 | -500,00 |
| | -260 535,31 | -260 535,31 | -213 820,16 |
